



Jnr. 1329.09  
gjø

Fiskeri og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep

0032 Oslo

## Hardangerfjordforskrifta – uttale

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er regionråd for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Ordførarane og rådmenna i kommunane utgjer rådet. I tillegg er kommunane Haugesund, Vindafjord og Fusa observatørar .

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har drøfta Hardangerfjordforskrifta og dei konsekvensane innføringa av forskrifta vil få for utvikling av oppdrettsnæringa og sikring av villaksen i lakseelvane.

For Sunnhordland er oppdrettsnæringa ei sentral næring i høve til sysselsetjing og verdiskaping. Det er difor viktig at næringa får dei rammevilkåra som trengs for å kunna utvikla seg i tråd med næringa i resten av landet.

I framlegg til forskrift skal kapasiteten i oppdrettsnæringa i ”Hardangerfjorden” byggjast ned med 20 000 tonn MTB i forhold til tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet. Konsekvensen av dette er at dei store oppdrettselskapa må flytta produksjonen til andre områder. Dette er ingen tent med.

Arbeidet gjennom blant anna Fiskehelsenettverket, der oppdrettarane samarbeider om felles tiltak for å redusera tettleiken av lus og andre sjukdomsførebyggjande tiltak, har gjeve resultat.

Næringa har og sterkt fokus på fiskehelse og miljø og på tiltak for å hindra rømming. Oppdrettarane har dei siste åra saman arbeidd for å gjennomføra ein plan for å få bukt med PD sjukdommen. Denne måten å samarbeida på vil og kunna nyttast i arbeidet med å frå redusert omfanget av lakselus.

Slik Samarbeidsrådet ser det gjer oppdrettarane sine tiltak også moglegheiter for å kunna vera med på å redde villfisken. Nokre av tiltaka i Hardangerforskrifta er med på å hindra dette.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner difor at dei beste løysingane for regionen er at oppdrettarane, elveeigarlaga og offentleg mynde set seg saman for å finna dei beste løysingane på utfordringane. I dette arbeidet må det setjast klare målsetjingar og fristar.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har tru på at det nystarta HardangerFjordLauget, som legg opp til eit tett samarbeid med elveeigarane er vegen å gå. Difor må det ikkje koma forskrifter som legg hindringar for dei tiltaka som vert naudsynte for å lukkast med dette.

Sunnhordland, 13.11.09

Med venleg helsing

Jorunn Skåden  
Styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar